





# Erkke sin familie

## Sjå på bildet og snakk saman om det de ser:

Kven er med i denne familien? Kva gjer dei på bildet? Kva har dei på seg? Kvar er dei?

## Eller les ei lita fortelling om Erkke:



Erkke er fem år og bur saman med mamma, pappa, litesøster og storebror. På bildet har dei på seg samekuftene sine, men til kvardags går Erkke og familien i vanlege klede. Erkke synest kufta er kjempefin, og skulle gjerne hatt den på seg ofte, men i barnehagen er det praktisk med klede som er lette å leike i og lette å vaske.

På staden der Erkke bor, er det ikkje så mange andre som er samar. Han snakkar norsk i barnehagen, men heime snakkar dei også samisk saman for foreldra vil at Erkke og søskena hans skal kunne det godt. I nokre av feriane drar dei til Kautokeino der mamma og pappa er frå. Der bur det mange samar som Erkke kan snakke samisk med. Erkke likar kjempegodt å vere der. Han likar å sove i lavvo, ete samisk mat og klappe reinsdyra. Besteforeldra til Erkke synest det er viktig at Erkke og søskena kjem så ofte som mogleg, slik at dei skal kjenne den samiske bakgrunnen sin. Og så er det jo kjekt å vere saman med

dei!

Når andre barn hører Erkke sei noko på samisk til foreldra sine spør dei kva land han er frå. Det synest Erkke er rart, for han er jo norsk!

Erkke veit at samar er noko som heiter urfolk. Det betyr at dei hører til den folkegruppa som har budd aller lengst i Noreg. Mamma og pappa seier han skal være kjempestolt av å vere samisk, og det er han også.

## Snakk saman:

Bruk dette som utgangspunkt for å snakke litt om kor ulike familiar kan vere og kva som kan være fint eller dumt i familiar. Få fram at det viktigaste i alle familiar er at dei vaksne passer på og er glade i barna, og at ein prøver å ha det fint saman i kvardagen.

Ingen har det alltid berre bra. Det er heilt normalt å bli sinte på kvarandre, krangle litt, eller seie ting ein angrar på, men det er viktig å prøve å gjere det godt igjen etterpå. Alle treng å føle seg trygge heime og vere sikre på at dei andre i familien er glade i seg.